



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: **AU i verneområdestyret for SVR**

Møtested: Teams,

Dato: 09.02.2024

Tidspunkt: 13:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 7/24	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 8/24	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 9/24	Referatsaker		
AU 10/24	Orienteringssaker		
AU 11/24	Søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved til lavvo. Gnr. 70, bnr. 4 Arne Holskog.		2024/1344
AU 12/24	Ny handsaming. Søknad om å arrangere snøscootertur for medlemar, eldre og uføre til Lordehytta. Åseral snøscooterklubb. Åseral kommune.		2023/11976
AU 13/24	Eventuelt		

AU 7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste
AU 8/24 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 9/24 Referatsaker
AU 10/24 Orienteringssaker



Arkivsaksnummer: 2024/1344

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 05.02.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	11/24	09.02.2024

Søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved til lavvo. Gnr. 70, bnr. 4 Arne Holskog.


Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Helle camping v/Arne Holskog løyve til å nytte snøscooter til frakt av ved inn til leirplass i området mellom Den flate heii og Hestheii i Valle kommune. Løyvet gjeld for ein snøscooter og inntil to turar i perioden 9.2.2024 – 30.4.2024. Utgangspunktet for transporten er Hellersdalen eller Jarnsverk. Godkjend køyrerute går fram av kartet i vedtaket. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om det vert oppdaga villrein under transporten skal transporten utsettast til faren for uroing av dyra ikkje lenger er til stade.

Arbeidsutvalet legg vekt på at transporten er avgrensa til to turar og ei relativ kort køyrestrekning i verneområdet. Søkar driv ei reiselivsbedrift der guiding og overnatting vil kunne styrke driftsgrunnlaget. Om det skulle bli eit visst omfang av søknader knytt til same transportføremål andre stader, vil verneområdestyret vurdere praksisen på nytt.

Kart over godkjend transportrute, to alternativ (grøn line). Raud line er vernegrensa



Etter kap. IV pkt. 4 i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkheiane landskapsvernområde* er det eit krav om at all ferdsel skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vera til ulempe for andre. Med bakgrunn i denne bestemminga har tiltakshavar eit særskild ansvar for at leiren vert rigga på ein ryddig måte og at avfall vert frakta ut av området når sesongen er slutt.

For motorferdsel i utmark vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar der dette skulle være naudsynt.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Arne Holskog, gnr. 70, bnr. 4 i Valle, fekk i 2022 løyve til å nytte snøscooter til frakt av lavvo og ved inn til eit område sør-vest for Myklevatn i Valle kommune. Lavvoen vert nytta i samband med jaktutleige og guida turar. Søkar driv til dagleg Helle camping i Valle. Det er no søkt om nytt løyve for 2024 til frakt av ved inn til lavvoen. Søknaden gjeld for inntil to turar i perioden februar - mars. Utgangspunktet for transporten er Jarnsverk eller Hellersdalen.

Med unntak av saka frå 2022 er det lite praksis på saker som gjeld bruk av snøscooter til frakt til leirplass. Saka vert difor lagt fram arbeidsutvalet. I saka frå 2022 la arbeidsutvalet vekt på følgjande:

«Etter kap. IV pkt. 4 i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkheiane landskapsvernområde* er det eit krav om at all ferdsel skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vera til ulempe for andre. Med bakgrunn i denne bestemminga har tiltakshavar eit særskild ansvar for at leiren vert rigga på ein ryddig måte og at avfall vert frakta ut av området når sesongen er slutt.

Arbeidsutvalet legg vekt på at transporten er avgrensa til to turar og ei relativ kort køyrestrekning i verneområdet. Søkar driv ei reiselivsbedrift der guiding og overnatting vil kunne styrke driftsgrunnlaget. Løyvet vert førebels avgrensa til 2022. Før det evt. vert gjeven løyve for fleire sesongar, eller løyve til tilsvarande transport andre stader i verneområdet, ønskjer arbeidsutvalet å hauste erfaring frå den aktuelle saka.

Om det skulle bli eit visst omfang av søknader knytt til same transportføremål andre stader, vil verneområdestyret vurdere praksisen på nytt».

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forv.plan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel IV kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Det er inga særskild dispensasjonsheimel for transport av ved og lavvo til etablering av teltleir. Saka må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan forvaltningsmyndigheita gjere inntak frå vernevedtaket om det ikkje strid mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Kap. IV pkt. 4.1 i verneforskrifta har ei bestemming om at arrangør av større organiserte arrangement, til dømes store teltleirar, må søke forvaltningsmyndigheita om løyve. Etter forvaltar si vurdering vert ikkje oppsett av ein større lavvo råka av denne bestemminga. Etter kap. IV pkt. 4 er det uansett eit krav om at *all ferdsel skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet etter beitedyr eller vera til ulempe for andre.*

Lov om friluftslivet § 9 regulerer rasting og telting i utmarka. Lova ligg utanfor verneområdestyret si myndigheitsområde. Det kan likevel nemnast at etter nemnde § 9 kan ein på høgfjellet fjernt frå bebyggelse sette opp telt utan tidsavgrensing, så lenge opphaldet ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova

Etter § 7 i naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldlova leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit.

Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt

GPSmerkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210).

Vestleg del av transportruta, samt område der leiren er planlagt, ligg i område som ofte vert nytta av villreinen gjennom vinteren. Leirområdet ligg også innanfor området som i naturbasen er definert som viktig vinterbeitområde. I sommarhalvåret nyttar villreinen desse område meir sporadisk og då i hovudsak av mindre bukkeflokkar

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Merka turistløypa mellom Tjønndalen og Øyuvsbu turisthytte går rett vest for Hestheii. I sommarhalvåret er det ein god del ferdsel i denne. Anna ferdsel i området er i hovudsak knytt til jakt og sauehald. Motorisert ferdsel er avgrensa til snøscootertransport til eit fåtal driftshusvære i området og er generelt av eit lite omfang.

Nordleg transportrute har utgangspunkt i veg Brokke – Suleskard. Veggen er open i sommarhalvåret og med om lag 85 000 køyretøy som passerer. Veggen genererer mykje ferdsel ut i terrenget, særleg i områda kring Øyuvsbu og Håhellervatn.

Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga moderat. Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at ein ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i områda.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Tiltakshavar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Omfanget av transporten er lite og vil isolert sett ikkje stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Ved å innvilge søknaden opnar ein likevel for eit transportføremål det har vore lite praksis for tidlegare. På sikt kan dette føre til aukande bruk av motorkøyretøy i verneområda. Til dømes kan ein sjå føre seg at fleire vil kunne ha interesse av å køyre inn telt og ved på vinterføre for bruk i samband med jakt og fiske i barmarksesongen. Om det skal gjevast løyve i den aktuelle saka må det difor settast nokre klare avgrensingar for når dette skal kunne tillatast, slik at det ikkje oppfattast som ei generell opning for dette transportføremålet.

Søkar driv ei reiselivsverksemd med eit breitt aktivitetstilbod og der aktiviteten knytt til lavvoen kan gi verksemda fleire bein å stå på. Denne næringsmessige sida av saka skil den såleis frå andre meir tilfeldige søknadar om slik transport. Forvaltar ser føre seg at andre næringsdrivande, til dømes gardsbruk med ønskje om attåttnæring, vil ønskje å gi eit tilsvarende tilbod i andre stader. Såleis vil ein sjølv med føresetnad om at slik transport skal vera knytt til næring, kunne få auke i motorisert ferdsel i verneområdet.

I følgje søkar har det ikkje vore noko stor etterspurnad etter tilbodet. Truleg tar det noko tid før det vert kjend i marknaden. Søkar ønskjer difor å halde fram tilbodet enno ei tid.

Sidan førre sak vart handsama i 2022 har det ikkje vore andre tilsvarande søknadar. Forvaltar vil difor tilrå at søknaden vert innvilga. Det bør framleis vera atterhald om at praksisen kan endrast om det blir eit visst omfang av denne type søknadar.

Konklusjon

Søknaden vert innvilga.



Arkivsaksnummer: 2023/11976

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 05.02.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	12/24	09.02.2024

Ny handsaming. Søknad om å arrangere snøscootertur for medlemar, eldre og uføre til Lordehytta. Åseral snøscooterklubb. Åseral kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad om Lordetur 2024
- 2 Avgjersle i klagesak_Mdir_Lordehytta

Forvaltar si innstilling

Med heimel naturmangfaldslova § 48 gir arbeidsutvalet i verneområdestyret avslag på Åseral snøscooterklubb sin søknad dagsett 11.12.2023 om å arrangere fellestur til Lordehytta for medlemar, eldre og uføre 17. eller 24. mars 2024 i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*.

Arbeidsutvalet legg vekt på at arrangementet bryt med forvaltningsplanen si føring om å avgrense motorferdsla i verneområdet til det som er strengt naudsynt.

Arbeidsutvalet ser dei positive sidene ved eit slikt arrangement men meiner det bør leggest utanfor verneområdet. Villreinen har dei siste åra i aukande grad nytta vestheia i Åseral gjennom vinteren og sjansen for at det oppheld seg villrein i nærområda til Lordehytta vurderast difor som større enn tidlegare. Eit arrangement med eit stort tal snøscootere og folk gir ei omfattande uroing ei tid på året der dyra går på sparebluss. Arbeidsutvalet syner her til føre-var -prinsippet i naturmangfaldslova § 9.

Eit løyve vil gje presedensverkand med fare for monaleg auke i motorferdsla verneområdet.


--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Åseral snøscooterklubb har søkt om å arrangere snøscootertur for medlemar, eldre og uføre til Lordehytta i Åseral (vedlegg 1). Turen skal etter planen gjennomførast 17. eller 24. mars 2024. Det skal køyrast inn noko utstyr dagen før. Åseral snøscooterklubb syner til dei lange tradisjonane for denne turen og at den betyr mykje for mange.

Strekninga Svartevatn – Lordehytta ligg innafør vernegrensa for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*. Sjå kart nedanfor. Tal snøscootere for gjennomføring av arrangementet er ikkje oppgjeven i søknaden, men har i snitt ligge på 50 – 60 snøscootere.

Kart køyrerute:



Arbeidsutvalet i verneområdestyret handsama saka i møte 1.2.2024. Arbeidsutvalet utsette saka og der dei bad om at følgjande tema vart nærmare utdjupa:

- Samla belastning med vekt på annan aktivitet gjennom året inkl. dei årlege naturlosturane på barmark.
- Lordehytta som attraksjon og særskilde betydning som turmål for lokalbefolkninga
- Klassifiseringa av villreinområdet i samband med kvalitetsnormen og kva som var utslagsgjevande for at villreinområdet fekk status «ikkje godkjend».

Saka vert med dette lagt fram for arbeidsutvalet til ny handsaming. Utdjuping av dei nemnde tema er vidare i saka merka med blå skrift.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 4. pkt.5.1 bokstav a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Det er inga særskild dispensasjonsheimel for denne type transport. Søknaden må difor handsamast etter naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan forvaltningsstyresmakta gi dispensasjon frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter kap. 2.4.2 i forvaltningsplanen skal motorferdsla i verneområdet avgrensast til det som er strengt naudsynt. Persontransport er omtala i forvaltningsplanen kap. 2.4.3. Av dette går det fram at rein persontransport med snøscooter ikkje er tillate.

Tidlegare handsaming og avgjersler

Verneområdestyret (arbeidsutvalet) har gitt løyve til tilsvarande søknad i fleire år. I 2023 vart vedtaket klaga på av Statsforvaltaren i Agder. Miljødirektoratet fatta avgjersle i klagesaka i vedtak dagsett 26.10.2023 (vedlegg 2). Her stadfesta Miljødirektoratet arbeidsutvalet, og seinare verneområdestyret, sitt vedtak om å tillate turen. I avgjersla la Miljødirektoratet vekt på dei lange tradisjonane for arrangementet og at forstyringa vart kort og forbigåande. Vidare at omsyn til verneføremålet vert ivareteke med vilkår om at turen ikkje kan gjennomførast om det er villrein i området. Miljødirektoratet signaliserte samstundes at det ikkje bør gjevast løyve til rein persontransport i verneområdet sjølv om vilkåra etter naturmangfaldslova § 48 vurderast å vera oppfylt. Arrangementet bør difor leggst til alternative besøksmål utanfor verneområdet. Sjølv om det er lang tradisjon for turen vil villreinen sin endra arealbruk kunne gi eit anna utfall av saka i seinare høve.

Forvaltar si forståing av Miljødirektoratet si avgjersle er at dei ikkje vil overprøve verneområdestyret sitt vedtak for 2023, men samstundes gir råd om å endre praksis ved seinare søknadar.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata, NINA sitt GPS-merkeprosjekt, databasen artsobservasjonar (www.artsobservasjoner.no), [NINA rapport 2126 Klassifisering av de ti nasjonale villreinområdene etter kvalitetsnorm for villrein og kartfortelling delnorm 3](#).

Villreinen har i aukande grad nytta vestheia i Åseral dei siste åra. I hovudsak har dette vore mindre bukkeflokkar på vinterstid, men det har også vore simler nedover. Dei fire siste vintrane har det vore observert villrein, eller sporteikn, sør til dalføret med Øvre og Nedre Vivatn og i nokre tilhøve også sør for dette. Også vinteren 2023 var det villrein nedover i desse områda. Første observasjon vart gjort av Statens Naturoppsyn 25. februar ein snau kilometer vest for Lordehytta. Mindre bukkeflokkar oppheldt seg i kringliggjande område fram til etter påske.

Setesdal Ryfylke villreinområde vart klassifisert som *ikkje godkjend* (raudt) grunna resultatata på dei to måleparametarane *funksjonell trekkpassasje* og *del eldre bukk*, i bestandet. Merk at klassifiseringa er eit samla resultat for heile villreinområdet.

Omgrepet *funksjonell trekkpassasje* betyr at villreinen har moglegheit til å trekke mellom dei ulike funksjonsområda i villreinområdet (vinterbeite, kalvings-oppvekstområde, sommar/haustbeite). I klassifiseringa er funksjonell trekkpassasje vurdert etter grad av redusert trekkaktivitet og korleis det har endra (reduisert) villreinens bruk av funksjonsområda. I Setesdal Ryfylke vart fleire historisk viktige trekkpassasjer vurdert å ha meir enn 90% redusert bruk. Dette har redusert tilgjengeleg areal av for alle tre funksjonsområde med mellom 46 og 61%. Grensa for *ikkje godkjend* (raudt) er 20%. Dette er samla tal for heile Setesdal Ryfylke villreinområde.

Klassifiseringa som nemnd ovanfor byggjer på eit eget kartgrunnlag for delnorm 3; *Leveområde og menneskeleg påverknad*. Vestheia i Åseral vert sporadisk nytta til sommar- og haustbeite, i all hovudsak av bukk. I tillegg vinterbeite. Dalføret Svartevatn - Lordehytta – Knaben er merka av som fokusområde med trekkpassasje for villrein. Her er det lagt til grunn at trekkpassasjen vert påverka av menneskeleg aktivitet både frå Knaben og Svartevatn/Lordehytta, men der det er stor usikkerheit i omfang og effekt av slik påverknad. Av den grunn er det ikkje anslått kor mykje areal som vert påverka vidare sørover (influensområde).

Ser ein vidare nordover frå nemnde fokusområde er nærmaste «propp i systemet» område *Bortelid – Ljosland* med anslått redusert vinterbruk på mellom 50 og 90 % som følgje av menneskeleg aktivitet. I tillegg trekkpassasje kring Josephsbu turisthytte med anslått redusert trekkaktivitet på vinteren med mellom 50 og 90 %. I dette intervallet er ein innafor middels (godkjend) del av skalaen, men der ein skal vera særleg merksam på at tilhøva ikkje skal bli verre og aller helst betre tilhøva.

Enkelt sagt har store delar av Setesdal Ryfylke villreinområde gått ut av bruk som følgje av at viktige trekkpassasjar mellom funksjonsområda nyttast i langt mindre grad av villreinen enn tidlegare. Påverknad i trekkpassasjane er ofte ein kombinasjon av infrastruktur og menneskeleg aktivitet. På strekninga Svartevatn – Lordehytta – Knaben vurderast villreinens moglegheit for å krysse dalføret vinterstid, samt sommar og haust, å bli påverka av ferdsel inn frå Knaben og Svartevatn/Lordehytta. Pr nå har ein lite kunnskap om omfang og effekt.

Del eldre bukk i bestandet ga også utslag *ikkje godkjend* i Setesdal Ryfylke då det har vore ein sikker negativ trend dei siste ti åra. Denne utviklinga skuldast ei auka avskyting av bukk for å redusere smittefaren av skrantesjuka (CWD), og er såleis ei villa utvikling.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av transporten. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

I heiområda vest for Nåvatn ligg ein del driftshytter knytt til dei enkelte gardsbruka. Aktuelle køyrerute til Lordehytta er ein mykje nytta ferdselsrute inn til fleire av desse, med anslagsvis 40 snøscootertransportar i året. Årleg vert det og gjeven fleire helikopterlandingar ved sjølve Lordehytta som følgje av stor bygningsmasse og monaleg trong for vedlikehald. Det siste året har det også vore relativt omfattande bruk av helikopter og snøscooter i samband med riving og oppattføring av den gamle forpakterbustaden rett ved Lordehytta. Det er og noko

motorisert ferdsel i samband med kraftselskapa sin aktivitet. SNO har rapportert om mykje ulovleg køyring med snøscooter i denne delen av verneområdet.

På seinvinteren er Lordehytta eit mykje nytta turmål for skigåarar både frå Knaben, Ljosland og Røysland og [med fleire arrangerte fellesturar](#). I barmarksperioden er det ein del ferdsel knytt til sauehald og jakt. [Årleg vert det arrangert naturlostur til Lordehytta frå Røysland i Åseral i slutten av august månad, ofte med over hundre deltakarar frå heile regionen. Arrangementet gir ein del slitasje og spor på myrvegetasjonen innover. Etter naturmangfaldslova § 36 har ein liten moglegheit til å regulere denne ferdsla.](#)

Grunna den omfattande ferdsla i området, og særleg motorferdsla, vurderast den samla belastninga på naturmangfoldet å vera stor.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Utover at det er tradisjon for å legge desse turane til Lordehytta er det i søknaden ikkje oppgjeven særskilde grunnar for at turen må leggast akkurat dit. Arrangør bør difor vurdere alternativ utanfor verneområdet. Miljødirektoratet har også lagt vekt på dette i si klageavgjerd.

Vurdering i høve til naturmangfaldslova § 48

Etter denne paragrafen kan forvaltningsstyresmakta gi dispensasjon frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Transporten er avgrensa til to dagar og der støy og uroing er forbigåande. Arrangementet isolert sett vil difor neppe påverke verneverdiane nemneverdig. I høve til tidlegare år vurderast likevel moglegheita for at det oppheld seg villrein i desse områda å vera større no. I høve til «føre var prinsippet» i naturmangfaldslova § 9 bør ein difor legge arrangementet til ein annan plass utanfor verneområdet.

[Lordehytta vart bygd i åra 1910 – 1912. Med si spesielle historie, plassering og arkitektur er Lordehytta ein stor attraksjon som mange ønskjer oppleve. Lokalt har mange eit særskild forhold til staden sidan slektningar i si tid var med å bygge hytta og tene for Lorden. Det er såleis forståeleg at snøscooterklubben ønskje å legge turen dit og der mange av deltakarane har ei lokal tilknytning.](#)

[På trass av dette vurderast omfattande turkøyring i verneområdet å ikkje vera foreinleg med omsynet til verneføremål og verneverdiane. Det må leggast avgjerande vekt på den store samla belastninga i dalføret slik det tidlegare er omtala. I ein situasjon der villreinen i aukande grad ser ut til å ta i bruk sørområda bør ein i staden sjå på korleis ein kan redusere aktiviteten i dette området.](#)

Så langt har det ikkje kome søknad om tilsvarande arrangement andre stader i verneområda. Forvaltar meiner det likevel bør leggast vekt på presedensverknad og at eit løyve på sikt kan opne for monaleg meir persontransport i verneområda.

Konklusjon

Søknaden vert avslått.

Søknad om snøscootertur for medlemmer, eldre og uføre til Lordehytta.

Åseral snøscooterklubb søker med dette om tillatelse til å gjennomføre vår tradisjonelle tur til Lordehytta for eldre og uføre, utført av våre medlemmer. Det vil være samme type arrangement som vi alltid har hatt, felles avreise fra fortrinnsvis Rådhuset i Kyrkjebygd, eventuelt Røysland om vær og føre krever det. Vi vil som alltid tilby skyss til eldre, uføre og andre trengende. Det er felles avreise opp, en andakt, grilling og felles avreise ned. Vi søker om datoene 16-17/3 og 23-24/3. Vi skal kun gjennomføre tur på en av disse helgene, men søker om to helger på grunn av vær og føret. Vi søker om to dager, da vi trenger å kjøre inn utstyr dagen før. Sikkerhet vil være ivaretatt, da vi sjekker føret, is, skredvarsling osv i forkant. Alle berørte grunneiere er positive og har godkjent at vi ferdes langs den omsøkte trasè som ligger vedlagt.

Dette er en tur som betyr mye for mange, og hjelper de som ellers ikke har muligheten til å oppleve vår flotte natur og det å se den storslåtte Lordehytta der inne på fjellet. Våre spor forsvinner, vi er ikke til skade for hverken flora eller fauna og som alltid er vi klar over at løyvet er avhengig av om det er observert reinsdyr i området. Vi ønsker å legge til at denne turen har vært arrangert nesten årlig av Åseral snøscooterklubb fra 1987 til nå, uten klager fra hverken Politi, Statens naturoppsyn (som har observert arrangementet), grunneiere eller andre berørte. Det har kun vært positive tilbakemeldinger, noe vi er stolt av men også avhengig av for å ha denne tilliten som blir vist oss ved slik en tillatelse. Vi håper inderlig at dere ser verdien av dette vi prøver å gjøre her, og at Åserals største og flotteste attraksjon ikke trenger å være forbeholdt de med best helse og kondis, men at vi kan inkludere flest mulig i denne opplevelsen.

Håper som vanlig på et positivt svar!

Tom Handeland

Leder Åseral snøscooterklubb

Tom Handeland

Leder Åseral Snøscooterklubb.

STATSFORVALTEREN I AGDER
Postboks 504
4804 ARENDAL

Trondheim, 26.10.2023

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2023/5912

Saksbehandler:
Marte Eliasson

Vedtak i klagesak om gjennomføring av snøscootertur til Lordehytta – Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Vi viser til klagen på verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane sitt vedtak 16. januar 2023. Klagesaken ble oversendt fra verneområdestyret 8. juni 2023. Det vises i tillegg til brev av 14. mars 2023 fra leder i Åseral Snøscooterklubb med merknader til klagen.

Vedtak

Miljødirektoratet opprettholder verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane sitt vedtak av 16. januar 2023.

